



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 08.11.2018

**Møtestad:** Konferanserommet

**Møtetid:** 09:00 - 14:00

### Orienteringar:

- Klokka 0900 vert det orientering frå Bergen og Hordaland Turlag ang nasjonal ramme for vindkraft og friluftslivsinteresser i Stølsheimen
- Orientering om status i skulesektoren
- Orientering om status på arbeid med budsjett og økonomiplan

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall. Ingen av vararepresentantane kunne møte

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
040/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
041/2018	Godkjenning av møtebok
042/2018	Referatsaker
043/2018	Orienteringssaker
044/2018	2. tertialrapport 2018
045/2018	Etablering av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i Region Nordhordland.
046/2018	Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav
047/2018	Søknad om tilskot frå næringsfondet - prosjekt næringsutvikling 2028 - 2038, fase 1.

**Notat frå møtet:**

## 040/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Behandling:

Roger Fure har meldt fråfall. Ikkje råd å få på plass vara.

Innkallinga i politikarportalen mangla.

Presentasjon frå Bergen Turlag vert flytta frå klokka 0900 til 0930

Orientering om Nærings- og tenestesenter vert flytta til siste sak då desse har aktuell relevans til kvarandre.

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 041/2018: Godkjenning av møtebok

### Behandling:

Sigmund Vikane: Kva skjedde med brev/uttale til NVE med omsyn til prosessen? Vart intensjonen frå kommunestyret fulgt opp(jamfør protokoll frå forrige ks møte)?

Kristin Nåmdal: Uttalen frå FORM burde lagt som sak til KS-møtet. Ber om at denne vert sendt KS umiddelbart.

Ordfører: Ulike kommunar har reagert ulikt på invitasjon frå NVE. I formannskapet var det fleirtal for å sende skrivet i saksframlegget, utan å leggje til ytterlagere innspel som vart lagt fram i møtet.

### Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

## 042/2018: Referatsaker

### Behandling:

Rådmannen orienterte kort om forespurnaden om vidare samarbeid innan communal landbruksforvaltning ved etableringa av Alver kommune. Ynskjer Modalen kommune å halde fram samarbeidet i det omfang som er i dag, eller ynskjer kommunestyret å få lagt fram sak? Kommunestyret ynskjer at avtalen Modalen har i dag med Meland kommune vert vidareført inn i etableringa av Alver kommune

### Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

## 043/2018: Orienteringssaker

### Behandling:

Jahn-Olav Nordheim (rektor v/ Mo skule) gav ei orientering / status for Mo skule. Kommunestyret gav uttrykk for at dei som skuleeigar gjerne vil ta del i utviklinga av skulen gjennom krav og forventningar. KS ynskjer ei aktiv rolle. Innspel frå KS om å ha fokus på barn som kan vere utsatt for omsorgssvikt, og at kommunen er merksam si rolle som ansvarleg.

Bergen turlag v/ Ødven og Sælendsminde haldt presentasjon og orienterte om sitt syn på evt. vindkraftutbygging i Modalen m.m.

Rådmannen: Kommentar/status budsjett/økonomiplan: Magne tek dette i samanheng med tertialrapporten, sak: 044/2018.

Ordførar: Hurtiglader er på plass! Endeleg overbygg kjem på nyåret.

Kristin Nåmdal: Manglar etterspurd rapport frå ordførar ang. fylkesvegstandarden (asfaltdekket er øydelagt) i Modalen. Ordførar skal sikre at denne kjem. Ber om at ordføraren inviterer Fylkeskommunen og Statens Vegvesen til møte/synfaring i saka. Kristin delte ut skriv til KS i møtet. Kristin gjer endringar, sender til ordførar på e-post som sender til HFK på vegne av kommunestyret.

Rådmannen: Modalstunet - sjå på kostnadsred. tiltak for å komme innanfor ramma. Forhandlingar med entrepenør - desse var ikkje villige til å gjere prisendringar. Ein vil sjå på annan himlingsløysing, avventer pris på dette. Rådmannen klargjorde årsak til endringa av tak/himling. Kjetil Eikefet: Kor mykje skal KS leggje seg opp i tekniske forhold ved opprusting av Modalstunet. Understreker at ein må ha tillit til adm. og konsulentar. Ann-Jorunn Farestveit: Ein må forholde seg til dei rammer som vert gjevne. Linda Neset: Ein må forholde seg til vedteken ramme, ikkje be om ekstraløyvingar. Håvard Engeseth: støttar Ann-Jorunn Farestveit. Kan ikkje løyve meir enn opprinneleg ramme. Sigmund Vikane: Vere varsam med å legge seg opp i detaljar. Men vere obs på rett kalkulering.

Rådmann: lang prosess, konsulentar har vore med frå starten av, prisauke undervegs. Ynskjer tilbakemelding på kva som skal takast ut av prosjektet for å kutte kostn, evt. at det vert overlatt til adm å beslutte dette. Håvard Engeseth: halde ramme - avslutte innanfor denne. Ikkje be om tilleggsløyvingar i etterkant. Kommunestyret: Håvard Engeseth sitt forslag gjeld.

Ras v/ Mobana: Rådmannen orienterte om status for arbeidet. Vurdering framover: nyte lausmassar til å etablere voll mot fotballbana. Sak kjem til KS m.o.t. rassikring og kostnadsdekking. Anne Britt Almelid: Kjem vollen snart? Rådmannen: geolog gjev status og råd om framdrift i forhold til sikring av bana før den kan opnast. Linda Neset: Korleis er status for resten/omliggande del av området? Rådmannen: Området v/ fotballbana er område med fokus - ikkje delar utover dette. Sigmund Vikane: Hente frå drift og investering, jobbe raskt.

Liv Anne Aanesen: Korleis går det med rekrutteringsprosessen til Mobryggja? Styret handterer denne prosessen. Anne Britt Almelid(styremedlem i Modalen Næringsbygg AS): er i intervjuprosess no.  
Linda Neset: Kor tid kan ein vente oppstart? Ikkje før nyttår.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Sakene vert tekne til orientering

---

044/2018: 2. tertialrapport 2018

Behandling:  
Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om status 2. tertial 2018 og svara på spørsmål. Han orienterte og kort om status på arbeidet med budsjett og økonomiplan 2019 - 2022.  
Rådmannen: Lønsutgifter er tatt ned i tråd med budsjett 2018.  
Sigmund Vikane: Rapporten kjem seint. Økonomisjef: er i tråd med handsaming i respektive fora og møteplan.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
**2. tertialrapportering for 2018 vert teken til orientering.**

**Det vert gjort slike justeringar i investeringsbudsjettet:**

**Omdisponering av løying kr 700 000 frå P.nr 03097 Omlegging av VA-leidning Otterstad til nye VA-tiltak på Helland og Kleivane**

**Utgiftsløying til P.nr 03103 Ladestasjon kr 400 000 finansiert med kr 240 000 frå næringsfondet og kr 160 000 frå Enova-tilskot.**

---

045/2018: Etablering av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i Region Nordhordland.

Behandling:  
Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om saksframlegget og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

- Modalen kommune sluttar seg til kommunalsjefgruppa til tilråding om at det vert etablert eit fast tilbod om Frisklivs-, læring- og meistringstenester til innbyggjarane i kommunane i Region Nordhordland frå 1. januar 2019.
  - Modalen kommune sluttar seg til at tilboden om Frisklivs-, læring- og meistringstenester vert organisert i eit samarbeid mellom dei ni kommunane i Region Nordhordland etter modell slik det er skissert i saksgrunnlaget.
  - Modalen kommune sluttar seg til at Radøy kommune(etter 2020 Alver kommune) ivaretar rolla som ansvarleg kommune for tilboden.
  - Modalen kommune sluttar seg til dei økonomiske rammene som er sett for tilboden og modell for fordeling av årlege kostnadene etter fordelingsnøkkelen slik det er vist i saksgrunnlaget.
  - Modalen kommune sluttar seg til at det vert utarbeid samarbeidsavtale som m.a. regulera ansvar- og oppgåvedeling, fordeling av kostnader og varighet/utmelding av samarbeidet.
- 

046/2018: Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saksframleggget  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Fellesrådet i Mo sokn sitt vedtak om regulering av feste- og gravferdsavgiftene for grav vert godkjent slik det ligg føre**

---

047/2018: Søknad om tilskot frå næringsfondet - prosjekt næringsutvikling 2028 - 2038, fase 1.

Behandling:

Ordførar orienterte om status for prosjektet om nytt Nærings- og tenestesenter. Kommunen har vore i kontakt med HRTB arkitekter og fått utkast til skisse for vidare arbeid og prosjektering. Denne vert arbeida vidare med i styringsgruppa på neste formannskapsmøte.

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om saksframleggget og bakgrunnen for søknaden sett opp i mot andre kommunale planar og politiske vedtak/bestillingar.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune set i gang prosjekt «næringsutvikling 2028 – 2038». Dette inneber følgande:

1. Vedta fase 1 av prosjektmandat slik det ligg føre.
  2. Vedta finansiering av fase 1 med inntil kr. 90 000,- i tilskot frå næringsfondet.
  3. Vedta at det skal utarbeidast prosjektskisse for fase 2 etter at fase 1 er avslutta.
  4. Finansiering og gjennomføring av fase 2 skal handsamast i næringsfondstyret etter at prosjektskisse, jfr.pkt. 3, er lagt fram som sak. Denne vil få sitt eige prosjektmandat.
-